

---

 Saksnr: 2021/45222-27  
 Saksbehandlar: Åge Avedal
 

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.11.2021

**Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar, tildeling av ekstramidlar**

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune løyver 15 mill. kr i tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar, fordelt slik:

Søklar	Kommune	Prosjektnamn	Ordn	Søknadssum	Tilråding
Moster Amfi -og kyrkjehistoriske senter	Bømlo	Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter	S	750 000	750 000
Museumssenteret i Hordaland	Bergen	Tekstilindustrimuseet	S	860 000	860 000
Stiftelsen Bymuseet i Bergen	Bergen	Bryggens Museum	S (O)	4 367 867	1 990 000
Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum	Ullensvang	Lindehuset	O	10 700 000	2 100 000
Stiftinga Hardanger og Voss museum	Kvam	Kulturnaustet	O	9 300 000	9 300 000
Fjaler kommune	Fjaler	Samvirket	O	5 000 000	Avslag
Grieghallen Utbygging AS	Bergen	Griegkvartalet	O	1 000 000	Avslag
M12 Gruppen AS	Øygarden	Kulturterminalen	O	1 600 000	Avslag
Moster Amfi -og kyrkjehistoriske senter	Bømlo	Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter	O	10 000 000	Avslag
Sunnhordland museum	Stord	"Nye Sunnhordlandstunet"	O	14 585 659	Avslag
Stiftelsen Sentralbadet Litteraturhus	Ullensvang	Sentralbadet litteraturhus	O	600 000	Avslag
Austevoll kommune	Austevoll	Kultursal Selbjørn Skule	O	1 141 000	Avslag
Stiftinga Hardanger og Voss museum	Kvam	Ingebrigt Vik Museum	O	200 000	Avslag

Stiftelsen Bymuseet i Bergen	Bergen	Gamle Bergen - Nytt publikumsbygg	O	10 000 000	Avslag
KODE Kunstmuseer og komponisthjem	Bergen	KODE Edvard Grieg Museum Troidhaugen	S	223 000	Avslag
Bergen og Hordaland Turlag	Bergen	Friluftslivets hus	S	1 000 000	Avslag
Kode Kunstmuseer og komponisthjem	Bjørnafjorden	Ole Bulls villa på Lysøen	S	5 000 000	Avslag
Museumssenteret i Hordaland og Stiftinga Lyngheiseret	Alver	Naturrom Lygra - Lyngheiseret	O	2 000 000	Avslag
Sogndal Kommune	Sogndal	Sogndal Kulturhus	O	1 000 000	Avslag
Stiftelsen kulturhuset USF	Bergen	USF Verftet	S	746 524	Avslag
Kulturfergen AS	Bergen	MS Sjøscenen	O	297 117	Avslag
				<b>80 371 167</b>	<b>15 000 000</b>

### Samandrag

Vestland fylkeskommune lyste ut 15 mill. kr i ekstramidlar i ordninga tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar hausten 2021. Ved søknadsfristen 10. oktober var det kome inn 21 søknader til ordninga, med total søknadssum på om lag 80,4 mill. kr.

Ekstramidlane på 15 mill. kr i ordninga er del av fylkestinget si disponering av mindretgifter i 2020, vedtatt i juni 2021. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok å lyse ut midlane i møte 8. september 2021, PS 101/2021. Hovudutvalet sette 2 mill. kr. av midlane av til strakstiltak for umiddelbare vedlikehaldsbehov ved kulturbygg. Fylkesdirektøren tilrår at fem av søknadene blir innvilga støtte, med 13 mill. kr til ordinære tiltak og 2 mill. kr til strakstiltak.

Per Morten Ekerhovd  
Avdelingsdirektør

Ronny Skaar  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Grunngeving og tilråding, ekstramidlar 2021 - tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

### Generelt:

**Vedtakskompetanse:** Delegert mynde frå fylkestinget, jf. PS 30/2021.

Ekstramidlar 2021: 15 000 000 kr

Søknadsfrist hausten 2021: 10. oktober

Vedtak kriteria: [Fylkesutvalet 17. september 2020](#)

Kriteria og informasjon om ordninga: [Tilskot kulturarenaer med regionale funksjonar](#)

### Hausten 2021

Samla tal på søknadar: 21

Samla tal på søknadar som er tilrådd støtte: 5

Samla søknadssum: 80 371 167 kr

Samla løyving: 15 000 000 kr

Vedtak om å setje av ekstramidlar på 15 mill. kr i 2021 i tilskotsordninga vart gjort av fylkestinget i samband med disponering av mindreutgift 2020 i møte 16.-17. juni 2021, sak 30/2021. Hovudutval for kultur, idrett og integrering fekk mynde til å fordele midlane, og gjorde følgjande vedtak i møte 8. september 2021, PS 101/2021

1. Vestland fylkeskommune lyser ut ekstra midlar i tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar, med søknadsfrist 10. oktober 2021. Gjeldande retningslinjer for tilskotsordninga blir nytta. Det blir sett av 13 millionar kr til fordeling i hovudutval for kultur, idrett og integrering, i tråd med fylkestinget sitt vedtak om disponering av mindreutgift 2020. 2 millionar kr vart sett av til ein søknadsordning for umiddelbare vedlikehaldsbehov for kulturbygg.

Fylkesutvalet vedtok retningslinjer for tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar i møte 17. september, sak 149/2020. Ordninga vart for første gong lyst ut med søknadsfrist 20. oktober 2020. Det kom då inn åtte søknader, med total søknadssum på om lag 56 millionar kr. Søknadene vart tatt med i budsjett 2021. Fylkestinget løyvde ikkje midlar til nokre av tiltaka i budsjettet 2021.

Tilskotsordninga vart på ny lyst ut våren 2021, med søknadsfrist 30. april. Det kom inn 16 søknader til ordninga, og det vart søkt om i alt om lag 94,6 mill. kr. Søknadene blir tatt med som del av budsjett 2022, som blir vedtatt i fylkestinget desember 2021. Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjorde følgjande prioritering mellom søknadene våren 2021 i møte 12. oktober 2021, PS 116/2021:

Søkjjar	Kommune	Prosjektnamn	Søknadssum	Prioritering
STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	Kvam	Kulturnaustet	9 300 000	1
STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE	Gloppen	Holvikejekta verne- og formidlingsbygg	10 000 000	2
KRAFTMUSEET - NORSK VASSKRAFT- OG	Ullensvang	Lindehuset	10 700 000	3
SUNNHORDLAND MUSEUM	Stord	"Nye Sunnhordlandstunet"	14 585 659	4
STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN	Bergen	Gamle Bergen - Nytt publikumsbygg	10 000 000	5

Moster Amfi -og kyrkehistoriske senter	Bømlo	Moster Amfi og kyrkehistoriske senter	10 000 000	6
M12 GRUPPEN	Øygarden	Kulturterminalen	1 600 000	7
FJALER KOMMUNE	Fjaler	Samvirket	5 000 000	8
Moster Amfi -og kyrkehistoriske senter	Bømlo	Moster Amfi og kyrkehistoriske senter	750 000	9
Fortidsminneforeningen	Luster	Urnes verdensarvsenter	10 000 000	Ikkje prioritert
KODE KUNSTMUSEER OG KOMPONISTHJEM	Bergen	Formidlingsverksted på KODE 1	300 000	Ikkje prioritert
KVAM HERAD	Kvam	Kulturhus i Kvam	10 000 000	Ikkje prioritert
STIFTELSEN BERGEN KJØTT	Bergen	Bergen Kjøtt	270 000	Ikkje prioritert
STIFTELSEN SENTRALBADET LITTERATURHUS	Ullensvang	Sentralbadet litteraturhus	600 000	Ikkje prioritert
STIFTELSEN KULTURHUSET USF	Bergen	USF Verftet / Kulturkvartalet Verftet	500 000	Ikkje godkjent
PROSJEKT GRIEGKVARTALET	Bergen	Prosjekt Griegkvartalet	1 000 000	Ikkje godkjent
			<b>94 605 659</b>	

I vurderinga av søknadene om ekstramidlar i ordninga har fylkesdirektør lagt prioriteringa frå møtet i hovudutvalet 12. oktober, PS 116/2021, spesielt til grunn.

Søklarane i ordninga måtte merke av i søknadsskjema om dei søkte om midlar til «ordinære tiltak» eller til «strakstiltak for akutte moderniseringsbehov». Fylkesdirektør tilrår å nytte 2 mill. kr. til strakstiltak og 13 mill. kr til ordinære tiltak, i tråd med vedtaket i hovudutvalet. Ein av søknadene, frå Bryggens Museum / Stiftelsen Bymuseet i Bergen, er tilrådd støtte både som strakstiltak og ordinært tiltak, då ein del av søknaden handlar om akutte moderniseringsbehov og andre delar har form av meir ordinære tiltak.

### Om tilskotsordninga

Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar vart lyst ut i Vestland første gong hausten 2020. I føremålet for ordninga står følgjande, jf. retningslinjene:

Tilskotsordninga skal bidra til utvikling av kulturbygg og kulturarenaer med regionale funksjonar og verdi. Kulturarenaen skal ha verdi, storleik og nedslagsfelt som dekker behov ut over kommunegrensar, eventuelt også ut over fylkesgrensar, der busetnad, kommunikasjon og/eller kulturelt føremål gjer dette naturleg.

Kulturarenaen skal vere planlagt ut frå ei kulturfagleg behovsvurdering og vere i samsvar med kommunale og regionale planar. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering, men ikkje til vedlikehald eller drift.

Retningslinjene slår fast at vedtak om tilskot blir gjort av fylkestinget som del av budsjettvedtak for påfølgjande år. Søklarane legg ved m.a. skriftleg presentasjon, budsjett, teikningar, vedtekter og plan for bruk og drift saman med søknad. Søknader som ikkje inneheld dette, blir ikkje godkjent.

I retningslinjene er det slått fast kva vi skal legge vekt på i vurdering av søknadene:

- i kva grad tiltaket har regional verdi, funksjonar og/eller nedslagsfelt
- i kva grad tiltaket bidreg til utvikling av kulturlivet i fylket
- om tiltaket kan kople saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
- kvaliteten på søknaden og prosjektet
- fordeling av midlane i høve geografi og sjanger
- tidspunkt for første gong det er søkt om midlar til kulturarenaen

### Om søklarane

Det er god geografisk spreing blant søkjarane. Tiltaka det er søkt støtte til vil vere viktige for vidare utvikling av kulturarenaene. 20 av dei 21 søkjarane fyller ein regional funksjon og fleire av dei har nasjonal funksjon, etter fylkesdirektøren sitt syn. Ein av søknadene blir vurdert til å vere for lokalt kulturhus og ein av søknadene er frå aksjeselskap med mål om økonomisk vinning for privatpersonar eller organisasjon. Desse er ikkje tilskotsverdige, jf. retningslinjene i ordninga. Fleire av søkjarane har over lenger tid søkt om midlar til tiltaket. Det er løyvd midlar til fleire av tiltaka gjennom andre offentlege tilskotsordningar eller som gåver frå m.a. stiftingar og privatpersonar.

Ti av søknadene kjem frå museumsstiftingar, og ytterlegare to er innan kulturarvområdet. Dei ni siste er andre kulturarenaer for produksjon, formidling og/eller arrangement. Fleire av søkjarane har tidlegare fått tilskot til det omsøkte tiltaket gjennom fylkeskommunen. Dette gjeld Kulturnaustet, Lindehuset, Nye Sunnhordlandstunet, Sentralbadet litteraturhus, Bryggens Museum, Griegkvartalet og Gamle Bergen Museum.

14 av søknadene er til «ordinære tiltak» innan tilskotsordninga, medan sju av søknadene er til «strakstiltak til akutte moderniseringsbehov». Fylkesdirektør vurderer ikkje alle dei sju søknadene som «strakstiltak», men har tilrådd tilskot til tre av søkjarane innanfor dette målet.

#### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering har fått mynde av fylkestinget til å fordele midlar som er del av mindreforbruk 2020, jf. sak 30/2021.

#### Vurderingar og verknader

##### **Økonomi:**

Fylkestinget sette av 15 mill. kr i tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar i samband med vedtak om disponering av mindreforbruk 2020.

##### **Klima:**

Saka omhandlar ikkje tilhøve direkte knytt til klima.

##### **Folkehelse:**

Folkehelseoversikta i Vestland 2020-2023 slår m.a. fast at «gode kvardagsarenaer byggjer skaparkraft og identitet hjå dei unge, og kan bidra til at dei ønsker å komme heim igjen.»

##### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

I Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 finn vi kulturarenaer igjen i m.a. mål 3, *Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv* og i strategi 4.1, *Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.*

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR har satsing på kulturbygg som viktige mål og tiltak.

#### Konklusjon

Vestland fylkeskommune har fått inn 21 søknader i samband med utlysinga av 15 mill. kr i ekstramidlar i ordninga tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar hausten 2021. Det er sett av 2 mill. kr. av midlane av til «strakstiltak for akutte moderniseringsbehov» og 13 mill. kr til «ordinære tiltak», i tråd med vedtaket i hovudutval for kultur, idrett og integrering. Fylkesdirektør tilrår at fem av søknadene får innvilga tilskot.